



Voss herad

AFFOR

Avdeling for førebygging og rehabilitering

Voss legekontor

To nytilsette legar har nyleg slutta på kommunlegekontoret. Me har fått innsyn i oppseiinga deira, og dei syner til utfordringar ved drifta som har vore påpeika av andre legar før dei starta der, og som dei no igjen har påpeika, og som ikkje vert teke på alvor, er avgjerande for valet deira om å slutta ved kontoret. Kva konkret gjer ein med det dei og tidligare legar har påpeika?

- Det har vore dialog med tillitsvalte for legane hyppig i løpet av haust 2025 og vinter 2026. Her har me diskutert ulike tiltak for å behalde og rekruttera nye legar.

- Døme på dette er:
- Funksjonstillegg for veiledning
- Leder for drift av kontoret som kun har dette som sitt ansvarsområde
- Medisinskfaglig rådgiverstilling for allmennmedisin ved kontoret, og vedkommende er godt i gang i rolla.
- Kontorfasseliteter og pasientar
- Journalsystem til sky
- KI journalføring
- Fagdag
- Driftsmøter i dei ulike faggruppene
- Permisjonar og reduserte stillingsbrøk
- Administrasjonstid for kvar lege
- Alle ALIS legar har 10 dagar per år dei kan nytte til kursing og er i tillegg på gruppeveiledning 1 dag per månad og 1 time veiledning per veke

Dei privatpraktiserande legekontora på Voss er velfungerande. Har kommunelegekontoret erfaringsutveksling med desse? Om ikkje, vurderer ein å byrja med det?

- Næringsdrivande har vore invitert bort på Voss legekontor for erfaringsutveksling av drifta av legekontor og journalsystem
- Det blir gjennomført samarbeidsmøte mellom kommunen og representantar frå dei næringsdrivande 4 gongar per år
- Fastlegane i Voss herad har felles legerådsmøte fleire gongar i året

Korleis er bemanninga av helsesekretærer og sjukepleiarar på kommunlegekontoret i forhold til dei privatpraktiserande kontora?

- Voss legekantor 5,7 årsverk fordelt på 6 personar med sjukepleiar utdanning, 1 medisinsk sekretær og 1 merkantilsekretær
- Det er tilsett 1 fagansvarleg sjukepleiar som mellomanna har ansvar for kompetanseheving av støttepersonell utarbeide rutine, implementere dei i kvalitetssystemet og gjennomføre opplæring.
- 1 sjukepleiar er tilsett som teamleiar.

Kommunelegekontroet har i fleire år gått med minustal. Her har ein peika på kostnad med innleige av vikarar som hovedgrunn. Men ein har jo og ei inntektsside, refusjonar frå Helfo. Har ein fokus på riktig taksting for å få riktig refusjon? Får nytilsette lækjarar opplæring i dette? Får vikarar opplæring i bruk av takstar og blir viktigheita av dette poengtert overfor dei?

- Alle både vikarar og faste tilsette skal ha gjennomført takstekurs igjennom HELFO.
- Legane gjennomfører også kurs i legemiddelhandtering
- Me har fokus på kor viktig det er med taksting med jamne mellomrom både på driftsmøter og personalmøte

Korleis er inntekta frå takstar for kommunlegekontoret samanlikna med dei privatpraktiserande?

- Alle legane skal til ei kvar tid oppdatere seg på taksting og skal takste likt som næringsdrivande legar i høve regelverk for taksting
- Alle fast tilsette legar er i ALIS forløp som gjer at dei mellomanna er vekke frå kontoret grunna kurs, kortare veiledning og heile dagar med veiledning.
- Alle fasttilsette legar har redusert stillingar
- Inntektene ved Voss legekontor er mindre pr lege enn ved dei næringsdrivande legekontora der alle er spesialistar og takstar deretter

Har ein vurdert insentivordningar der legane får ein andel av det dei takstar?

- Gjennom å ha fast tilsette bygger ein kapasitet til å handtere også den delen av allmennmedisinen som ikkje berre er direkte kurativ.
- Ulike meiningar rundt det å tilby offentlege tilsette direkte økonomiske incentiv

Prosjekt: Tale til tekst

- Samarbeidsprosjekt mellom Ullensvang, Voss, Askøy og Bergen (legevakt)
- Fått innvilga totalt 1,5 mill av desse får Voss herad ca. 300 000 kr
- Ullensvang er lokomotivet, men kvar kommune har sin variant av prosjektet
- Voss
 - Prosjektleder fysioterapeut
 - Me vil teste ut småskala i fysioterapiavdelinga, legevakt og ved Voss legekantor
 - Vidareføring av digital heimeoppfølging
 - Det vil bli arbeida med prosjektmandat og kunnskapsgrunnlag (inkl. grpd) vår 26
 - Utprøving frå haust 2026

Prosjekt: Sunn aldring

- I dette prosjektet har målet vore å utarbeide eit nytt interkommunalt kurstilbod for unge eldre (65 - 79 år / nye pensjonistar)
- Fekk innvilga 350 000 kr frå Vestland fylkeskommune i 2025
- Har no satt saman eit nytt kurs som består av 5 gongar som bygger på eksisterande kurs i Friskliv og meistrings porteføljen; Kvardagsglede, fysisk aktivitet, kosthald, søvn og oppsummeringsøkt
- Er no blitt testa ut på ei testgruppe
 - Alle eldreråd i samarbeidskommunane vart inviterte med som testpersonar
- Kurset er på nynorsk
- Skal starta opp kurset etter påske

Prosjekt: Hyblar på Hagahaugen

- Det har i vinter blitt jobba med å pussa opp hybelrom i gamle delen av Hagahaugen
- 11 hybelrom med felles kjøkken, bad og vakserom
- Vikarar og studentar i Heradet
- I dag er 5 rom leigd ut